

Grete hene

**Foredling, produksjon og
omsetning av frø i økologisk landbruk**

Del I. Planteforedling og frøproduksjon i
økologisk landbruk. Av Bjørg Fritsvold.

Del II. Omsetning av såfrø i økologisk
landbruk. Av Per Arne Tutturen.

**Stiftelsen Fokhol Gård
N-2310 Stange**

Norsk senter for økologisk landbruk
6630 Tingvoll

ISBN 82-7687-034-1

Foredling, produksjon og omsetning av frø i økologisk landbruk

- Del I. Planteforedling og frøproduksjon i økologisk landbruk. Av Bjørg Fritsvold.
- Del II. Omsetning av såfrø i økologisk landbruk. Av Per Arne Tutturen.

Forord

Foredling og produksjon av frø, såkorn og settepoteter er nødvendige og viktige deler av et landbrukssystem. Hittil har det vært svært begrensa ressurser innen økologisk landbruk i Norge til å arbeide teoretisk og praktisk med dette.

Stiftelsen Fokhol Gård og Norsk senter for økologisk landbruk fikk i 1993 kr 150 000 over Jordbruksavtalen via Omsetningsrådet til forprosjektet: «Omsetning av såfrø og utplantingsplanter i økologisk landbruk», for å vurdere mulighetene for slik virksomhet i praksis.

Norsk senter for økologisk landbruk stilte samtidig kr 65 000 til rådighet til et utredningsarbeid om foredling og produksjon av frø i økologisk landbruk. Disse to delene har vært sett i sammenheng, og denne rapporten er et resultat av begge arbeidene. Prosjektlederne foretok en studiereise i Europa, og referat fra besøkene på turen inngår som vedlegg til rapporten.

Såvidt oss bekjent er det første gang det gjøres forsøk på å gi en oversikt over målsettinger, realiteter og muligheter når det gjelder foredling, produksjon og omsetning av frø o.l. innen økologisk landbruk i Norge. Derfor har det vært nødvendig å gå grundig tilverks, med en del grunnleggende stoff som igjen danner bakgrunn for de konkrete vurderingene og forslagene i rapporten. Det er å håpe at dette arbeidet vil gi verdifull ny kunnskap og inspirere mange til arbeid og innsats i ulike sammenhenger.

Oppdragsgiverne vil takke Bjørg Fritsvold, som har stått for arbeidet med foredling og produksjon, og Per Arne Tutturen, som har stått for arbeidet med omsetningsdelen.

En spesiell takk til Anders Heen, Landbrukstilsynet, som har lest og kommentert manus til rapporten. Det er mange andre som også har bidratt til arbeidet på ulike vis, som vi vil rette en generell takk til.

Stange/Tingvoll, november 1994

Morten Ingvaldsen
Stiftelsen Fokhol gård
sign.

Grete Lene Serikstad
Norsk senter for økologisk landbruk

Innhold

Forord	3
Innledning	8

DEL I.

PLANTEFOREDLING OG FRØPRODUKSJON I ØKOLOGISK LANDBRUK

Innleiing	10	
1	Utviklingstrekk i planteforedlinga.....	11
	Definisjonar	11
	«Temming» (domestisering) av plantene	11
	Gensentra — kulturplantene sine opphavsområde	12
	Foredlingsmetodar.....	12
	Foredlingsmetodar sjølvbefruktarar	14
	Foredlingsmetodar kryssbefruktarar	14
	F ₁ -hybridar.....	15
	Genteknologi.....	15
2	Konsekvensar av moderne teknikkar for planteforedling	17
	Kunstig kryssing.....	17
	F ₁ -hybridar	17
	Genteknologi	19
3	Genressursar	21
	Tilgjenge til genressursane i verda	22
	Patent på liv	22
	Årsaker til genetisk erosjon	23
	Lokaltilpassa sortar forsvinn	23
	Den grøne revolusjon og genressursar	24
	Auka kommersialisering — auka genetisk erosjon	25
	Korleis ta vare på genetisk mangfald	27
	Trekk fra historia.....	28
	Vurdering av ulike alternativ for genressursforvaltning.....	29
4	Planteforedling i Norge.....	31
	Kort historikk.....	31
	Regionale forsøksgardar.....	31
	Planteforedling ved NLH	32
	Organisering av norsk planteforedling	32
	Foredlingsmål i viktige vekstar.....	33

5	Norsk frøproduksjon	34
	Engfrøavl	34
	Frøavl av grønsaker og rotvekstar.....	34
	Avl av settepøtet og såkorn	35
6	Planteforedling og frøproduksjon i økologisk landbruk.....	36
	Kvifor eigne sortar og økologisk frøavl.....	36
	Kva skjer i Norge?	37
	Kva skjer i utlandet?	37
	Økologisk frøavl i Norge?.....	38
	Klimaet set grenser for frøavlen.....	38
	Agronomiske utfordringar ved økologisk frøavl.....	39
7	Visjon.....	41
	Idégrunnlag.....	41
	Planteforedling og frøproduksjon — ei fellesoppgåve	41
	Oppbygging av norsk foredlingsverksemد	42
	Planteforedlaren — filosofisk og kunstnarisk?	43
	Foredlingsmetodar	43
	Formålet med planteforedling?	44
	Foredlingsmål	45
	Å sjå inn i framtida.....	46
8	Vegvalg	48
	Samarbeid eller oppbygging av eige apparat, — drøfting	48
	Strategi for samarbeid.....	48
	Norsk senter for økologisk landbruk si rolle i vidare arbeid.....	49
9	Litteratur	50
	Liste over forkortinger.....	53

DEL II.
OMSETNING AV SÅFRØ I ØKOLOGISK LANDBRUK

1	Innledning.....	55
	Avgrensning	55
	Forklaringer.....	55
	Bakgrunn	56
	Innhold	57
2	Lover og forskrifter	58
	Alment.....	58
	Såvarelovens forskrifter.....	58
	Avl	58
	Omsetning av såvarer.....	59
	Kvalitetskrav	59
	Sortslister/verdiprøving	59
	Lov og forskrift om foredlerrett	60
	Vurdering av konsekvenser for økologisk såvaretilbud.....	60
	Avl	60
	Omsetning.....	61
	Sortslister/verdiprøving.....	61
	Lov om foredlerrett	61
3	Økologiske såvarer i utlandet.....	62
	Inntrykk fra en studietur	62
	Små bedrifter	62
	Bingenheim-initiativet	63
	Samarbeide med konvensjonelle firmaer/institusjoner.....	63
	Foredling/forskning/formering.....	64
	Utveksling av frø.....	64
4	Behov for såvarer i økologisk jord- og hagebruk.....	65
	Innledning	65
	Beregninger/anslag av behovet på Debio-registrert areal	65
	Korn, poteter og grønnsaker	65
	Engfrø	67
	Grønngjødsling.....	68
	Grønnfor	68
	Sorter.....	68
	Spørreundersøkelse.....	69
	Spørreskjema	69
	Resultater.....	70
	Kommentar	73
	Småhagebruk (hobbyhager).....	74
5	Faggruppe fagmiljø	76

6	Muligheter for såvareforsyning i økologisk landbruk.....	79
	Utgangspunkt	79
	Veivalg	79
	Statskontrollert avl.....	79
	Egen avl for økologisk landbruk	80
	Utgangsmateriale	81
	Vurdering.....	81
	Statskontrollert avl — konvensjonelt såvarefirma — faggruppe for såvarer	82
	Godkjent økologisk avl — såvareforretning for økologisk landbruk og faggruppe for såvarer	82
	Økonomi.....	83
7	Konklusjon.....	84
VEDLEGG		I – XX

Innledning

Det har lenge vært ansett som viktig at det økologiske landbruket skulle ha eget såfrø, men hittil har det ikke vært ressurser til å arbeide med denne saken.

At man har behov for et sortsmateriale som passer for økologisk dyrking, er forståelig utfra at betingelsene skiller seg fra de konvensjonelle. At frøet må være av økologisk opprinnelse, er nok ikke så klart. Hvorvidt dyrkingsmetoden har innvirkning på frøet når det gjelder frøkvaliteten eller kvaliteten på produktene i neste generasjon er et lite undersøkt felt.

Ønsket om eget frømateriale i økologisk landbruk er begrunnet i punktene nedenfor. Prioritering av punktene kan variere fra person til person.

1. Utfra helhetstankegangen i økologisk landbruk er det en naturlig konsekvens at også frømaterialet skal være av økologisk opprinnelse. Når man anser denne dyrkingsmåten for miljømessig riktigere enn for vanlig produksjon, skulle dette også gjelde for frødyrkningen.
2. En foredling av sorter tilpasset økologisk dyrking, må foregå under de dyrkingsbetingelser som vil gjelde for sortene.
3. Internasjonale regler (IFOAM) såvel som Debioreglene tar sikte på å gjøre det til et generelt krav for økologisk jord- og hagebruk at såfrø og utplantingsplanter skal være av økologisk opprinnelse for at produktene skal bli godkjent som økologiske.
4. Utviklingen i såvarebransjen med et tiltagende antall F₁-hybrider og stadig utskifting av sorter skaper uro blant dem som er engasjert i økologisk landbruk. I Debioreglene heter det at F₁-hybrider skal unngås. Man frykter å «miste» eldre sorter som man har kunnskaper om, og som passer til lokale forhold.
5. Nye bestemmelser i forbindelse med EØS-avtalen og en tilnærming til EU-reglene, kan også føre til at sorter kan forsvinne fra markedet. Men også verdiprøving/godkjennelse av sorter i Norge kan være en hindring for at sorter som passer for økologisk drift blir tilgjengelige.
6. Av beredskapshensyn vil det være av betydning å ha en produksjon av grønnsakfrø her i landet. Norsk grønnsakfrødyrkning er i dag i sterkt tilbakegang.

I første del av denne utredningen drøftes planteforedling for økologisk landbruk og de agronomiske forutsetninger for frøproduksjon i Norge. Andre del av utredningen omhandler forutsetninger og muligheter for produksjon og omsetning av såfrø i Norge. Rapport fra studietur er vedlegg.

Del I

Planteforedling og frøproduksjon
i
økologisk landbruk

av

Bjørg Fritsvold

Innleiing

For å vurdere moglege vegar for planteforedling i økologisk landbruk er det naudsynt å skaffe seg eit minimum av kunnskap om den etablerte planteforedlinga. Mykje av denne delen av utgreiinga omhandlar utviklinga av planteforedlinga generelt og drøftingar av ulike spørsmål knytt til plantegenetiske ressursar. Alt dette er drøfta utifra idégrunnlaget for økologisk landbruk, og difor vil valet av kjelder vera prega av det.

Med grunnlag i den frødyrkning som har vore og er dreve i Norge, er det gjeve ei drøfting av kva som er mogleg å få til av frødyrkning i økologisk landbruk agronomisk sett.

Til slutt er det gjeve ei skisse av ein visjon om kva plass det er ynskjeleg at planteforedling og frøproduksjon skal ha, om vi tenkjer oss eit gjennomført økologisk landbruk i Norge.

Visjonen kan virke fjern, men den treng vi for å kunne stake ut vegen vidare i arbeidet med desse spørsmåla.

1 Utviklingstrekk i planteforedlinga

Målsetjinga med dette kapitlet er å gje ei stutt utgreiing om hovudtrekka i planteforedlinga si historie fram til vår tid. I dette oversynet vil det vera naturleg å gå nøyne inn på metodar som er omdiskutert i det økologiske landbruksmiljøet, i fyrste rekkje hybridavl og geneteknologi.

Definisjonar

I Norsk Landbruksordbok er planteforedling definert som det å lage plantesortar eller -former som høver betre til dyrkingsføremålet enn dei sortane eller formene som er i bruk (Norsk Landbruksordbok 1979).

Ein av pionerane i norsk planteforedling, professor Wexelsen definerte det slik i 1935: «Planteforedling er det arbeid som går ut på å lage nye former av våre kulturplanter som er nyttigere for menneskene enn dem man hittil har hatt» (Wexelsen 1935).

Utan at ein skal trekkje det for langt, kan ein gjerne tillate seg å filosofere litt over nyanseskilnaden i desse to ulike definisjonane. I høve til den nyaste versjonen er det i Wexelsen sin definisjon tydelegare at planteforedling blir sett som ein integrert del av landbruksproduksjonen med den viktige fellesoppgåva å dekkja menneska sine grunnleggjande behov for mat.

«Temming» (domestisering) av plantene

Dei fyrste steg i utviklinga av kulturplantene vart tekne då mennesket gradvis gjekk over frå ein jakt- og sankekultur til å kultivere jorda for 8 – 10.000 år sidan. Den eldste jordbrukskulturen ein kjener byrja i fjellområda i nærleiken av Eufrat og Tigris. Denne jordbrukskulturen breidde seg mellom anna mot Nordsjøen og også til Norge. Det er funne prov for at bygg og kveite var dyrka her i landet for 4 500 år sidan.

Menneska valde ut matplanter i den lokale floraen og tok til å dyrka dei på små åkerlappar. Vi seier at plantene vart domestiserte, og med det byrja også planteforedlinga.

Grunnlaget for utvikling og genetiske forandringar i kulturplantene våre var først tilpassing i høve til dyrkingsteknikk, først andre forandringar som følgje av menneska sitt utval, og først tredje tilpassingar til klima etter kvart som dei nye jordbrukskulturane breidde seg utover (Opsahl 1976)(Berg et al. 1991).

Dyrkingsteknikken førte til genetiske forandringar som følgje av at ein del eigenskapar som vert favorisert i vill tilstand vil vera negative når vi skal dyrke plantene i ein kultur. Det mest kjente eksemplet her er frøspreiingsmekanismen, som er ein føresetnad for at arten skal bestå. Når vi dyrkar planter for å hauste frøa til mat, vil vi automatisk velja planter som held på frøet slik at vi får samla det opp. Dette gjeld i større og mindre grad matvekstar med frøformeing. Vekstar med vegetativ formeiring fekk ikkje i den grad genetisk forandring som følgje av dyrkingsteknikk.

Kunstig utval på grunnlag av behova og skjønnet til dei som dyrka har også vore med å påverka utviklinga av kulturplantene. Dette gjorde seg særleg gjeldande i dei vegetative kulturane, der den individuelle behandlinga av plantene gjorde utvalet enklare.

Domestisering og seleksjon foregår også i dag på gardsnivå i enkelte jordbrukskulturar i den 3. verda (Berg et al. 1991).

Klima og jord forandra seg etterkvart som dei ulike jordbrukskulturane breidde seg frå sine opphavssentra. Med dette fekk vi også ei genetisk forandring som følgje av naudsynt tilpassing til dei naturgjevne vilkår på ulike stader.

Vi fekk etterkvart eit stort mangfold av artar og sortar som var tilpassa lokale dyrkingstilhøve, og eit spekter av sortar som tilfredsstilte ulike behov i hushaldninga. Det kunne dreie seg om ulik lagringsevne eller høvelege eigenskapar i høve til ymse formål i matlagninga.

Dette er tilpassingar som har gått føre seg heilt frå dei tidlegaste jordbrukskulturane. Det var og er den genetiske variasjonen som set grenser for kor mykje plantene kan endre seg.


Gensentra — kulturplantene sine opphavsområde

Gensentra i verda er meir eller mindre samanfallande med områda der dei første jordbrukskulturane oppstod. Omgrepet gensenter kjem av at det er i opphavsområdet til ei kulturplante at vi finn den største genetiske variasjonen av den. Enkelte kulturplanter har meir enn eit opphavsområde. I tabell 1.1 er sett opp oversyn over opphavsområda til ein del norske kulturvekstar.

Det er viktig å repetere dette i samband med planteforedling. Når vi ynskjer å forbetre ei kulturplante er det nettopp til gensentret eller opphavsområdet til planta ein ofte går for å få utvida den genetiske variasjonen. På kartet, figur 1.1 ser vi kvar dei genetiske sentra ligg. (Sjå elles avsnittet om genressursar og genetisk erosjon.)

Tabell 1.1 Opphavsområde til nokre viktige norske kulturplanter (Opsahl 1976).

Kveite, bygg, ert og gulrot	Midtausten
Kål, Kålrot, salat og bete	Middelhavsområdet
Rug, havre, rips og bringebær	Europa
Pære, eple og lauk	Sentral- Asia
Bønner	Mexico
Potet og tomat	Peru



Figur 1.1 Verdskart med skraveringar av dei genetiske opphavssentra slik Vavilov fann dei måtte vera (Opsahl 1976).

Foredlingsmetodar

For å kunne vurdere planteforedling i høve til økologisk landbruk, er det naudsynt med ei kort innføring i det heilt grunnleggjande når det gjeld metodar for foredling. Det er eit stort og svært komplisert fagfelt, slik at detaljar er omhandla berre i den grad det er naudsynt i høve til formålet med utgreininga. Grunnlaget for tradisjonell planteforedling er kryssingar, naturlege og kunstige, for å kombinere positive eigenskapar (Olsen & Simonsen 1990).

Vi veit frå før at kulturplantene våre har ulike måtar å formeire seg på, og formeiringsmåten er naturleg nok avgjerande for kva foredlingsmetode vi skal velja. Tabell 1.2 gjev oversikt over formeiringsmåten til dei viktigaste kulturplantane våre.

Sjølvbefruktarar er planter der befruktning skjer innanfor ei og same plante, og ofte innanfor ein blomsterstand.

Kryssbefruktarar er planter der befruktning skjer ved at blomsterstøv blir ført frå ei plante til ei anna.

Tabell 1.2 Viktige norske kulturplantar gruppert etter formeiringsmåte.

Sjølvbefruktarar	Kryssbefruktarar	Dels sjølvbefruktarar, dels kryssbefruktarar
kveite	rug	mais
havre	raudkløver	fleste grasarter
bygg	alsikekløver	pastinakk
erter	kålvekstar	plommer
bønner	bete	kirsebær
bomull	gulrot	tomat
ris	lauk	tobakk

FOREDLINGSMETODAR FOR SJØLVBEFRUKTARAR

Karakteristisk for sjølbefruktarar i naturleg utvikling er at dei etterkvart vil bestå av ei blanding av fleire linjer, som stort sett er homozygote. Dei gamle landsortane i bygg, kveite og havre er eksempel på dette. I dei fyrste tiåra av dette hundreåret fekk ein fram mange nye sortar gjennom reinlineutval i dei gamle landsortane. Reinlineutval går ut på at frø av lovande enkeltplanter vert hausta for seg og deretter reindyrka separat i fleire generasjonar. Individua i ei rein line har same arveanlegg (Vestad 1994b).

Når den genetiske variasjon i ein populasjon er utnytta, må ein skape ny variasjon for å koma vidare. Det finst ulike metodar for å skape det, men kryssing er den mest brukte. Ulike kryssingssystem er utvikla, og i tillegg ulike metodar for seleksjon i den kryssingspopulasjonen ein kjem fram til. Det vil føre for langt å greie ut om det her.

FOREDLINGSMETODAR FOR KRYSSBEFRUKTARAR

Masseutval er den eldste av alle foredlingsmetodar og har spelt ei vesentleg rolle i utviklinga av kryssbefruktarane. Ein vel her ut dei plantene som har den mest gunstige fenotype i høve til dei eigenskapar som skal forbetra. Frø frå utvalde planter vert sådd ut, og ein kan då halde fram med å selektere for dei same eigenskapane i fleire generasjonar inntil ein har oppnådd ynskjeleg effekt. Arvegraden er avgjerande for kor mykje ein kan forbetra ein art med omsyn på bestemte eigenskapar. Arvegraden fortel kor mykje eigenskapen varierer i høve til det som har med det avmessige å gjera (Vestad 1994a).

Ulike former for utval etter avkomsprøving er langt meir effektivt enn masseutval for å finne avlsverdien av plantematerialet:

Avkomsprøving er den enkleste metoden å forstå for den som ikkje er planteforedarar. I utgangspopulasjonen vel vi ut dei beste plantene og lukar bort dei vi ikkje ynskjer. Etter fri pollinering blir frøet hauste av ei og ei plante, og neste sesong blir ein del av frøet sådd ut i forsøk der avkommet frå dei ulike enkeltplantene blir samanlikna. På grunnlag av desse resultata vel ein ut den eller dei beste familiene, og deretter vert det sådd ut frø av dei respektive morplantene i samkryssingsfelt der ein då eventuelt kan hauste elitefrø av ny sort.

Det er ei rad ulike former for avkomsprøving som vi ikkje kan koma inn på.

F₁-HYBRIDAR

Hybridavl er omdiskutert i det økologiske landbruksmiljøet, og vert difor drøfta litt nærare i det følgjande.

Ein F₁-hybrid er ein kryssing mellom to homozygote foreldrelinjer som er genetisk ulike, og der alle plantene i F₁-generasjonen vil vera genetisk like (Hansen 1990). Foreldrelinene er innavla i fleire generasjonar, og når desse vert kryssa med kvarandre kan ein forvente heterosiseffekt («krysningsfrodighet»). Heterosis viser seg ved at avkommet er overlegen foreldra i ein eller fleire eigenskapar. Det er i praksis ikkje mogleg å dyrke frø av hybridane. Om ein skulle lykkast i å få fram frø så vil ein få svært ujamne planter i neste generasjon.

F₁-hybridane har fått ei dominerande stilling i grønsaksektoren, innan dei artane det er mogleg med hybridavl. Det kjem til dels av at bøndene set ein føremón i at plantene blir einsarta, og det at dei er overlegne andre sortar i viktige eigenskapar. Dette siste har nær samanheng med at det avlsmessige arbeidet er sterkt koncentrert om hybridavl.

GENTEKNOLOGI


Ved vanlig kryssingsavl vil vi få overført heile kromosomsett frå dei plantene vi kryssar, og dermed får vi med både ynskte og ikkje ynskte eigenskapar. Fleire attendekryssingar er då naudsynt for å fjerne dei eigenskapane vi ikkje ynskjer, men det kan ofte vera nyttelaust på grunn av sterke bindingar mellom gen.

Det er hevda at planteforedarar alltid har hatt ynskje om å kunne omgå dei grenser som naturen set for kryssingar mellom artar og slekter (Olsen & Simonsen 1990).

Det er velkjent at ein nå er på god veg til å oppfylle ynskjet i og med at det er utvikla teknikkar for å flytte enkeltgen som representerer ynskte eigenskapar frå ein art til ein annan der kryssing normalt ikkje er mogleg. Gena treng ikkje nødvendigvis koma frå artar i planteriket.

Foredling ved hjelp av genteknologi krev at ein først må isolere genet som styrer eigenskapen som det er ynskjeleg å forbetre. Neste trinn blir å få overført genet. Til overføring av gen er ein jordbakterie (*Agrobacterium tumefaciens*) mykje brukt, for denne påverkar plantegenene også ute i naturen. Ellers er det ei rad andre metodar. Figur 1.2 viser skjematiske korleis *Agrobacterium tumefaciens* verkar ute i naturen og i laboratoriet.

Ved hjelp av genteknologiske metodar har det lukkast å foredle fram planter med virusresistens og resistens mot visse typer skadeinsekt.



Figur 1.2 *Agrobacterium tumefaciens* - ein naturleg geningeniør (Oversatt frå svensk frå Jonsson 1991).

2 Konsekvensar av moderne teknikkar for planteforedling

Utifra målsetjingane for økologisk landbruk har det vore motvilje mot enkelte sider ved moderne planteforedling. Bakgrunnen for dette vert drøfta i dette kapitlet.

Kunstig kryssing

Kunstig kryssing har vore brukt i foredlingsarbeidet sidan før arveloven vart kjende. Det er ein diskusjon i delar av det økologiske landbruksmiljøet om dette er riktig.

Eitt synspunkt kan vera at kunstig kryssing mellom artar som ikkje ville krysse seg spontant i naturen er ei type manipulering som ein vanskeleg kan overskue konsekvensane av, og at det røpar ei haldning til naturen som ikkje er audmijk nok.

Det er ført prov for at spontane kryssingar mellom artar har skjedd og skjer framleis i naturen, både i den ville natur og mellom kulturplanter og ville planter. Mange vil såleis hevde at ein på den bakgrunn må kunne tillate kunstig kryssing.

F₁-hybridar

Mange av dei som driv økologisk landbruk er svært skeptiske til F₁-hybridane. På studieturen i tilknytning til dette arbeidet vart det lagt vekt på å spørje om årsaker til denne skepsisen. Ingen av dei vi besøkte som vart spurde om dette, kjente til at F₁-hybridane står attende for vanleg foredla sortar korkje i dyrkingseigenskapar eller når det gjeld ernæringskvalitet. Vi fekk referert samanliknande kvalitetsundersøkingar der det ikkje er funne skilnader.

Det er klart at ein har fått fram yterike sortar med einsarta planter ved hjelp av hybridavlen, men det har i lang tid vore ein diskusjon om ein ikkje kan oppnå like bra resultat med tradisjonelle metodar. Ei drøfting gjort av ein norsk foredar konkluderer med at det langt frå er eintydig at planter av F₁-hybridar er meir einsarta enn åpenpollinerte sortar, men at fleire undersøkingar har synt at hybridsortane har høgre avlingspotensiale og har kraftigare vekst tidleg i sesongen (Synnevåg 1988). På studieturen, som er omtala i vedlegg til rapporten, fekk vi ved to tilfelle referert sentrale planteforedlarar i større såvarefirma som hadde hevda at ein med tradisjonell foredlingsmetodikk kan utvikle kulturplanter som konkurrerer med hybridsortane. Sitat frå boka til ei gruppe norske foredarar stadfestar det same (vår oversetjing): «Det er ikkje prova at ein ikkje kunne ha kome like langt med vedvarande populasjonsforedling» (Berg et al. 1991).

I høve til andre foredlingsmetodar er hybridforedlinga svært ressurskrevjande og kostbar, mellom anna fordi frøproduksjonen er komplisert. Det kjem særleg av at det krevst særskilte tiltak for å unngå sjølvbefrukting når dei to innavlslinjene skal kryssast.

Ser ein dei høge foredlingskostnadane med hybridavl i samanheng med at foredlingsresultata ikkje treng vera særleg overlegne det ein kan oppnå med rimelegare metodar, er det grunn til å spørje om grunnane for at hybridavlen har fått så dominante stilling i grønsakforedlinga.

Den skarpe konkurransen såvarefirmaene i mellom er velkjent, og blir omtala nærare i avsnittet om genressursar. Det er ein klar konkurransemessig føremoen med F_1 -hybridane at foreldrelinjene kan haldast hemmelege. Sortar som er framkomne med tradisjonell foredling kan konkurrentane lettare få tilgjenge til for å få inn liknande kvalitetar i sitt sortiment. Det er også ein fordel for firmaet at det ikkje er mogleg å ta frø av hybridane, slik at bøndene er tvinga til å kjøpe nytt frø kvart år.

Hybridforedlinga fekk større og større plass i planteforedlinga utover i etterkrigstida. Metoden gav firmaene sterkt sortsvern ved at dei heldt foredrelinjene hemmelege. Dette var ein vesentleg grunn til at privatiseringa av såvareindustrien aksellererte.

På grunnlag av drøftingane framfor synest det tydeleg at den einsidige satsinga på hybridavl først og fremst skuldast dei forretningsemessige fordelar metoden representerer.

Det er likevel ikkje grunnlag for påstå at hybridforedling som metode er forkasteleg i seg sjølv. Mange av F_1 -hybridane er gode, også i økologisk landbruk. Det er for eksempel av stor interesse med vekstar som har kraftig vekst tidleg i vekstsesongen i eit økologisk dyrkingssystem. Rask vekst har truleg samband med heterosiseffektar.

Hovudkritikken må retta mot *den dominante stilling som hybridavlen har fått*, av følgjande årsaker:

- Når det gjeld kryssbefruktarar risikerer vi tap av verdifullt genetisk materiale ved at F_1 -hybridane representerer eit svært begrensa genmateriale i seg sjølv. I tillegg fører den einsidige satsinga på hybridar til at andre aktuelle sortar sakkas akterut avlsmessig i forhold. Færre og færre bønder brukar åpenpollinerte sortar av denne grunn. På grunn av dette blir det mindre og mindre regningssvarande for frøfirmaene å føre dei gamle sortane. Dei har litra interesse av å drive vedlikeholdsavl på sortar som dei får selja minimalt med frø av.
- Sett frå bøndene si side er det også ein ulempe å ikkje kunne ta frø til eige bruk av plantene, og på den måten vera avhengig av innkjøpt frø kvart år. Skal ein tenke beredskap er det uheldig at ein er avhengig av å kjøpe frø frå eitt eller svært få firma.
- Samfunnsøkonomisk og ressursmessig er det også all grunn til å stille spørsmål ved hybridforedlinga. For det første veit vi at den er svært dyr i høve til andre metodar. Dessutan er det usikkert om den gjev særleg betre sortar enn det ein kan få via tradisjonelle og billegare foredlingsvegar. Den harde konkurransen såvareforretningane i mellom gjer det heile enda meir tvilsamt samfunnsøkonomisk sett.
- Enkelte er gjerne skeptiske til hybridavl som metode utifrå liknande grunnar som ein er negativ til kunstig kryssing. På tilsvarende måte som for kryssing kan ein vise til at det også er funne naturlege hybridar, men utan at det her er teke stilling for det eine eller det andre.

Genteknologi

Om det er ein del menneske som er avvisande til kryssings- og hybridavl av naturelle grunnar, så vil atskillig fleire slå følgje når det gjeld bruk av genteknologi i planteforedlinga.

Utifrå det heilskapssyn som ligg til grunn for utviklinga av økologisk landbruk, er det vanskeleg utan vidare å godta genteknologien. Vi menneske er ein del av naturen, men står i ei særstilling i høve til andre levande vesen i det at vi kan påverke naturen på ein måte som ingen andre artar kan. Av den grunn er det viktig at vi er audmjuke og reflekterte i våre handlingar overfor anna levande. Det er vesentleg å erkjenne at alle levande organismar har ein eigenverdi, og ikkje berre i den grad den gagnar mennesket direkte, noko som er fastslege i FN sitt «World Charter for Nature» frå 1982. Med andre ord må vi ha respekt for det komplekse samspel vi risikerer å forstyrre. Sjølv om vi stadig aukar våre kunnskapar, er det likevel viktig å rekne med at våre handlingar kan få konsekvensar som vi ikkje kan overskue med dei kunnskapane vi har i dag.

Det å endre den genetiske samansetjinga av ei plante ved å skifte ut enkeltgen med gen frå ein helt annan art eller organisme, må seiast å vera eit djuptgripande inngrep. Planter og dyr som har fått endra den genetiske samansetjinga på den måten, kallar vi genmodifiserte organismar (GMO). Sjølv om det både i Norge og EU er stillt krav om konsekvensutgreiingar før slike organismar vert utprøvd, så verkar reglane lite betryggande. I EU sitt regelverk, som vi nå i stor grad må rette oss etter, er det lagt opp til at rask saksgang skal pressast fram. Det står i sterkt kontrast til omfanget av dei undersøkingar som burde gjerast før ein frigje slike organismer (Sørensen 1992). Og her er vi ved kjernesørsmålet:

- Kan vi menneske verkeleg ta mål av oss til å sjå konsekvensane av å utplassere ei genmodifisert plante med formeiringsevna intakt? Kvar vart det av det audmjuke?

Det er freistande å våge påstanden at genteknologien er eit nytt reiskap til å redusere ulempene av industrilandbruket. Viktige drivkrefter her har vore dei som har kommersielle interesser i dette landbruket. Det er tydeleggjort ved at ein vesentleg del av dei genmodifiserte plantene som er utvikla så langt, har fått innebygt resistens mot herbicid. Det er for eksempel spesielt mange plantesortar som er forelda for å tåle glyfosat. Det meste av dette foredlingsarbeidet er finansiert av Monsanto som også sel glyfosat (Sørensen 1992).

Som nemnt er det ved hjelp av genteknologien også forelda fram kulturplanter med resistens mot skadedyr og soppsjukdomar. På den måten vil ein få redusert bruk av plantevernmiddel, med dei positive konsekvensar det har for matkvaliteten og for livsmiljøet elles.

Tenkjelege negative konsekvensar av genteknologien:

- Ved utplassering av genmodifiserte organismar (GMO) risikerer ein spredning ved kryssingar med mellom kulturplanter og ville planter som er i slekt. Dei økologiske konsekvensane er vanskelege å overskue. Denne risikoene er sjølv sagt mindre når det gjeld kulturplanter utan nærliggande slektnigar i vår flora.

- Utstrekkt bruk av planter med insektsresistens kan føre til at populasjonen av skadeinsekt går radikalt ned, og dermed forplantar dette seg vidare til dei artar av fuglar og insekt som lever av skadeinsekt (Løbersli 1993). Kor store konsekvensar dette har i Norge med berre 3 % dyrka areal er usikkert.
- Ei klokkartru på at genteknologien er sjølve løysinga på dagens problem i jordbruksmangfaldet kan ytterlegare redusere interessa for å ta vare på eit stort biologisk mangfald.
- Hittil har mykje av det genteknologiske foredlingsarbeidet hatt som mål å laga herbicidresistente planter. Det er ein stor fare for at det medfører auka bruk av herbicid. Kulturplantene reagerer vanlegvis med avlingsreduksjon på store herbiciddosser. Med resistente planter risikerer ein auka doseringar med herbicid. Fare for biologisk daud jord, utrydding av ugrasartar og dermed også organismar som er knytta til ugraset kan bli konsekvensane (Sørensen 1992).
- Europeiske foredlalar fryktar at sidan genteknologien er så kostbar og kunnskapskrevjande, vil den føre til endå mindre variasjon i artar og sortar enn det vi har i dag. Det blir for kostbart å spreie seg på for mange artar (Vellvé 1992).

Ut i frå idégrunnlaget for økologisk landbruk er det vanskeleg å sjå at positive sider ved genteknologien kan vega opp dei mange negative konsekvensane ein kan frykta. Langt på veg kan ein kanskje trekkje same konklusjonane som i vurderinga av hybridavl, at den store anklagen går i mot dei kreftene som har pressa fram bruk av genteknologi og måten dei brukar metoden på. Vi kan stille oss spørsmålet om vi ville godta metoden dersom den vert teken i bruk i eit samfunn der planteforedling blir dreve med det siktet målet at verksemda til ei kvar tid skal tene det store fellesskapet nå og i framtida. Vi kan også spørje oss kven som har formulert problemstillingar som mellom anna har fått fram genteknologien som løysing.

Edith Lammerts van Bueren ved Bolk Instituut i Holland prøver også å nyansere synet på genteknologi. Ho meiner at det er naudsynt å ta eit oppgjer med den reduksjonistiske tenkjinga som er grunnlaget for dagens jordbruk, og som har ført til at ei plante vert betrakta som eit produksjonsmiddel med eit sett av eigenskapar som er meir eller mindre gagnlege. Denne tenkjemåten har nådd sitt ytterpunkt når vi ser at dei uheldige eigenskapane kan fjernast ved å skifte ut genet den er knytt til med gen som representerer betre eigenskapar. Ho meiner vi må lære oss å sjå planta som ein organisme i ein levande samanheng, og ikkje som ein mekanisme med ein viss mineralstruktur. Vi må vidare sjå på kva rolle den enkelte kulturplante skal spela i eit gitt agroøkosystem, og i vår ernæring. Konklusjonen hennar er at vi må utvide vår kunnskap og fatteevne om naturen og plantene for å sikre ei ansvarleg utvikling av kulturplantene. Dermed seier ho ikkje vilkårlaust nei til genteknologi (sjå reiserapport).

3 Genressursar

Omgrepet genressurs forstår vi som ville og dyrka planter som inneholder gen med aktuell eller potensiell verdi for å forbetre kulturplantene våre.

Desse plantene representerer difor ein vital del av livsgrunnlaget vårt, og det er ei stor fellesoppgave for oss å ta vare på dei. Ei gruppe norske foredlalar har sagt at det genetiske mangfoldet som er skapt gjennom tolv tusen års jordbruksdrift er den mest verdfulle «råvare» vi har i verda i dag (Berg et al. 1991). Vi kan undrast om denne påstanden er rett når vi ser at dei styrande i samfunnet, i alle fall i Europa og USA, ikkje gjer nok for å ta vare på denne «råvara», i og med at eit enormt tal gamle plantesortar berre blir tekne ut av bruk. Genbanklagring blir i stor grad brukt, men også då er det risiko for tap av genetisk materiale. Mykje av det som av nokon blir rekna som den viktigaste råvare vi har, får lov å renne ut i sanden.

For å utvikle eit landbruk der vi er uavhengige av kjemiske sprøytemiddel, er det avgjerande at det finns genetisk materiale for å utvikle planter med motstandskraft mot plantesjukdommar. På same måte treng vi truleg også å vektlegge litt annleis i planteforedlinga, dersom vi skal utvikle planter for jordbruk der ein ikkje brukar kunstgjødsel.

Vi har i dag mange ulike interesser og argument for å ta vare på planter som representerer genetiske ressursar eller for å bevare eit størst mogleg artsmangfold i det heile. Det er aktuelt å sjå nærmare på desse interessene med tanke på alliansar/strategiar for å bevare genressursane. Dei ulike interessegrupper er forsøkt gruppert nedanfor, og vi ser at dei er til dels motstridande:

- Tradisjonelle jordbrukskulturar er avhengig av stort artsmangfold for sin eksistens, og dei ynskjer sjølvsagt å ta vare på dette. Det handlar i tillegg også om kulturelle verdiar, slik det går fram av dette sitatet: « — eit kulturelt bidrag frå samfunn som har respektert andre artar, og som har utvikla kunnskap om eit vidt spekter av artar og samspel dei imellom, slik at dei kan utnytte artane utan at dei vert truga med utrydding» (Shiva 1993). Vandana Shiva, som har skreve dette, er ein framstående kritikar av vestleg imperialisme.
- Naturverninteresserte menneske kjempar for å bevare så stort artsmangfold som mogleg utifra synet at alle artar har sin eigenverdi og har rett til liv uavhengig om mennesket har direkte nytte av arten.
- Enkelte kommersielle føretak ynskjer å arbeide for vern av artsmangfold, men berre i den grad det tener deira økonomiske interesser. Dette gjeld både såvareindustri og farmasøytsk industri.
- Grasrotorganisasjonar og andre ikkje offentlege organisasjonar arbeider for å ta vare på størst mogleg mangfold av artar og sortar av kulturplanter innan jord- og hagebruk. Utgangspunktet for dette arbeidet kan vera mangesidig.

Tilgjenge til genressursane i verda

«Prinsippet om at avlsverdien av planter og husdyr er en almenning som alle har fri adgang til er i ferd med å gå tapt» er eit sitat etter prosjektleiar Trygve Berg ved NORAGRIC (Metlid 1994). Dette utsagnet minner oss om at genressursane heilt opp til vår tid har vore fellesskapet sin eigedom, ein felles ressurs som står til rådvelde for alle.

Når den hevdunne allemannsretten er i ferd med å gå tapt, er det av interesse å ta eit lite attersyn på korleis dette har kunne skje. Dette er interessant av fleire grunnar. For det første skal vi i neste avsnitt vise at dette også har samanheng med tiltakande genetisk erosjon. Med genetisk erosjon meiner vi tap av plantegenetisk materiale. For det andre har den avgrensa tilgangen til genressursar innverknad på utvikling og omsetjing av lokaltilpassa sortar for økologisk landbruk, som blir teke opp i del 2 av denne rapporten.

Det er grunn til å minne om at det er bønder som i årtusen har utvikla og lagt grunnlaget for den genetiske arven som mangfaldet av kulturplanter utgjer. Bønder har dreve og driv enno med planteforedling og frøproduksjon. Det er først i dette hundreåret at denne delen av landbruksproduksjonen for alvor er skilt i frå gardssammanhengen i den vestlege verda og delar av den tredje verda. Overraskande nok har bøndene i eit industrialisert land som Frankrike heile 80% eigenavlå såvare.

Genressursane er vorte mindre tilgjengelege på grunn av patentar og lovreglar. Førsteammanuensis Åsmund Bjørnstad ved NLH har laga ei framstilling om dette temaet, og drøftingane i neste avsnitt er i stor grad bygt på denne (Bjørnstad 1994).

Patent på liv

Heilt frå kolonidagane har menneske sett trøng for å vinne kontroll over verdifulle planter for dyrking og sal, og for å hindre konkurrentar i å gjera det same. Forløparen til våre dagars patentering av liv var dei patentreglane som sprang ut av idéen om intellektuell eigedomsrett i tilknytning til tekniske nyvinningar i forrige hundreår.

Ein patentrett er ein avtale mellom oppfinnaren og samfunnet elles. Mot at innehavaren av patenten i ei periode på 20 år får einerett til kommersiell utnytting av nyvinninga, skal samfunnet få innsyn i korleis oppfinninga er laga for at dette kan bli grunnlag for vidare samfunnsmessig utvikling. Vilkåra for patent er at oppfinninga ikkje skal vera offentlegjort før, skal skilja seg vesentleg frå tilsvarende kjente ting, skal vera mogleg å reproduser med vanleg fagkunnskap og skal til sist kunne utnyttast industrielt. Biologisk patent har ikkje vore omfatta av gjeldande patentlov i Norge, med unntak av visse mikrobiologiske prosessar.

Den første lov om patentrett på plantemateriale kom i USA i 1930, for klonformerte vekstar, i praksis omfatta den frukt og nokre blomsterartar (Berg et al. 1991). Krav om intellektuell eigedomsrett kom etterkvar og sterkeare og sterkeare frå planteforedlarane. Dei fekk avgrensa patentrett då UPOV-konvensjonen vart underteikna i 1961. UPOV står for International Union for the Protection of New Varieties.

UPOV vart revidert i 1978, og det er denne Norge har slutta seg til. Vern etter desse UPOV-reglane medfører:

1. Sorten må oppfylle DUS-krava, det vil seia at den skal vera ny (Distinct), einsarta (Uniform) og stabil (Stable). Med andre ord skal den skilje seg klårt frå andre sortar.
2. Dobbelvern er ikkje tillatt. Ein sort med UPOV-vern kan såleis ikkje patenterast.
3. Vernet gjeld berre for sorten brukt som kommersiell såvare. Sorten kan fritt brukast til foredlingsformål og som eigenavlå såvare for bonden.

I 1980 åpna USA i praksis for all patentering av liv gjennom ei rettsavgjerd. Frå 1985 tok dei til å godkjenne patent på plantesortar, og sidan den tid har patenteringa på planter, dyr og gener skote fart. I dei to andre store handelsblokkene Europa og Japan har det etter dette vore eit sterkt press for å fjerne patenthindringar for å kunne hevde seg i konkurransen med USA på såvare/sprøytemiddelmarknaden. EU-reglane på området er enno (juli 1994) ikkje avklara.

Revisjonen av UPOV-konvensjonen i 1991 førde til vesentlege endringar ved at forbod mot dobbelvern vart fjerna, og retten til å bruke verna sortar i foredlingsarbeid vart innskrenka. Retten til å bruke verna sortar som eigenavlå såvare vert det opp til det enkelte land å avgjera. Norge har berre forplikta seg i høve 1978-versjonen (juli 1994). Det er viktig å merke seg at etter UPOV-reglane vil det til saman koste inntil 37.000 kr dei første 3–4 åra for å få prøving og rettsvern for ein sort.

I tillegg til det som er utgreidd framanfor har ein også innan GATT eit system for patentrettar som eit viktig tema, dei såkalla TRIPS. I Uruguay-runden blir det pressa på for at alle land skal innføre patentordningar for plantesortar eller anna effektivt vern.

Årsaker til genetisk erosjon

I avsnitta framanfor er det allereie antyda ein del årsaker til genetisk erosjon. Ulike årsaker til redusert genetisk mangfald er diskutert i det følgjande:

LOKALTILPASSA SORTAR FORSVINN

Det første store tapet av plantesortar fekk vi då bøndene for alvor gav opp eigen frøavl av stadeigne sortar og satsa på innkjøpt frø. Dette ser vi tydeleg av tal frå USA, i tabell 3.1. Her skal opplystast at kritikarar har vist til at denne tabellen ikkje fortel sanninga, avdi ein her ikkje har teke med materiale som er lagra i genbankar. Trass i denne usemjø er det vel likevel ikkje tvil om at plantegenetisk materiale er tapt. I USA var truleg mangfaldet særleg stort fordi regjeringa delte ut gratis frø til forsøksverksemrd til bøndene fram til 1924. I realitetten var det ei oppmuntring til å drive eigen frøavl og utval for å tilpasse sortane. Dette utvikla seg til eit vell av ulike sortar, slik vi ser av tabellen. Etter press frå såvareinteresser vart frøutdelinga stoppa. Alle dei plantesortar og varietetar som var tilpassa ulike dyrkingsforhold over heile USA, forsvann så gradvis ved at bøndene kutta ut eigen frøavl (Berg et al. 1991). Tilsvarende tap var det også her i Europa. I Norge var det for eksempel eit stort mangfold av byggsortar, ofte sortar med navn etter gardar eller grønndelag og bygder. I 1920-åra pågjekk eit

omfattande foredlingsarbeid med utgangspunkt i denne store variasjonen av byggsortar. Og vi kan trygt slutte oss til det som er uttrykt i denne kjelda: «..., men de gamle landsortene har forsvunnet, og nå må vi bare beklage at en del av disse ikke ble oppbevart» (Vestad 1994b).

Tabell 3.1 Grønnsaksortar som er tapt i USA fra 1903–1983. (Berg et al. 1991). Sjå kommentar i teksta over.

Grønsak	Registrert tal i 1903	Bevara i 1983	Prosent tapt
Broccoli	34	0	100,0
Gulrot	287	21	92,7
Purre	39	5	87,2
Erter	408	25	93,9
Tomat	408	79	80,6

DEN GRØNE REVOLUSJON OG GENRESSURSAR

I vårt hundreår har vi også vore vitne til at det genetiske mangfold i den tredje verda er vorte trua, og der finn vi ein stor del av gensemtra for kulturplantene våre. Tapet av lokaltilpassa sortar i den tredje verda starta for alvor med den grøne revolusjonen.

Forløparen til denne var at representantar for Rockefeller- og Ford-Foundations i USA på 30-talet såg stor tron for avlingsauke i jordbrukskretsen i den tredje verda for å avhjelpe matmangel. Både selskapa hadde store økonomiske interesser i det etterkvar kommersialiserte amerikanske jordbrukskretsen, men vi skal likevel ikkje fråkjenne dei at det låg edle motiv bak engasjementet. Det første initiativ dei tok, var å etablere og finansiere eit forskingssenter for mais og kveite i Mexico i 1959. To år etter kom det Rockefellerfinansierte risforskningsinstituttet på Fillipinane. Dette var det første av ein serie internasjonale forskningsinstitutt, og i dag er det i alt 13 sentra som er tilslutta den såkalla konsultative gruppen for internasjonal jordbruksforskning (forkorta CGIAR). Fleire av desse sentra har innhaldsrike genbankar. Sjå elles tabell 3.3 (Berg et al. 1991) (Hagberg 1990). Desse første sentra var ein viktig del av basisen for at den grøne revolusjonen kunne gjennomførast. I tillegg vart det satsa mykje på å forbetre kommunikasjonar og det apparat som elles var naudsynt for eit meir kommersielt landbruk.

Sjølv om det var aldri så edle motiv som låg bak igangsetjinga av den grøne revolusjon, har det etterkvar også kome mange kritiske røyster. Dei nye og lovande sortane av mais, ris og kveite vart tekne i bruk over store område på stutt tid. Oppfordringane om å ta dei i bruk var sterke. Lokaltilpassa sortar av desse vekstane vart vraka, og i tillegg vart det totale mangfoldet av kulturvekstar redusert.

Og med alle ulike artar og sortar som vart borte forsvann også kunnskapen om dyrkingsteknikk og bruk og i tillegg kulturen som høyrd til. Dette handla om ein vesentleg del av identiteten til folket i desse stroka.

Følgjande sitat uttrykkjer eitt syn på det som skjedde: «Dei moderne sortane erstatta dei kulturplantene som var grunnlaget deira, og som dei var avhengige av for vidare eksistens» (Berg et al. 1991). Denne påstanden er imidlertid omdiskutert.

Vandana Shiva har sett på den grøne revolusjonen frå dei indiske bøndene si side. Ho har vunne støtte for sitt opprør i vide kretsar av miljørørsla i vestlege land. Vi syner berre til dei tre titlane av henne i litteraturlista, utan å gå nærmare inn på innhaldet: (Shiva 1989, 1991 & 1993).

AUKA KOMMERSIALISERING — AUKA GENETISK EROSJON

Det er knapt særleg kontroversielt å påstå at den sterkt fortenesteorienterte såvareforsyninga medverkar til stadig innsnevring av det genetiske mangfoldet. Påstanden er underbygd i det følgjande.

Etter det store tapet vi fekk då bøndene for alvor slutta med eigen frøavl, har utviklinga berre halde fram. Bøndene har etterkvar forenkla drifta for å tilpasse seg i høve til signala frå det øvrige samfunn og eigne organisasjonar. Inkludert i denne rasjonaliseringa var også det å redusere tal planteartar i åker og eng. Konsekvensen av dette vart ofte ei spesialisering, bøndene måtte samle seg om nokre vekstslag. Et visst totalt tap av artar fekk vi nok også her, sjølv om artar som var utsjalta på ein del gardar fekk tilsvarende større plass på andre.


Det er innlysande at såvareforretningane arbeider for å få fram sortar med størst mogleg salgspotensiale. Då er det om å gjera å få til sortar som kan vekse i eit stort område, noko som harmonerer dårleg med ynskja om lokaltilpassa sortar i frå økologisk landbruk si side. I tillegg til at kvart firma av fortenesteomsyn er interessert i mest mogleg avgrensa sortsutval, så har også talet på firma gått ned. Det medfører i seg sjølv redusert sortsutbod.

Biletet er lite lysteleg. I tillegg til at talet på sortar er redusert til eit minimum viser det seg at ein stor del av sortane er bygde på mykje felles genmateriale. Uniformiteten er større enn dei fleste av oss har visst av. Foredlarane baserer seg i stor grad på kjente sortar for å lage nye, slik at ein får stadig sirkulasjon av same genmateriale. Vi har fått ein såkalla «traktverknad», slik som det er illustrert i fig 3.1 (Vellvé 1992).

TRAKTVERKNADEN

INNSNEVRING AV GENMATERIALET I PLANTEFOREDLINGA

Foredlarar byggjer stadig på tidlegare foredlingsarbeid



Figur 3.1 Traktverknaden: Det genetiske grunnlaget for planteforedling snevrar inn. (Vellv  , 92)

I 1986 vart det gjort ei gransking for å finne ut kva slag foredlingsmateriale europeiske foredlalar gjer seg bruk av. Av tabell 3.2 får vi stadfesta med tal noko av det same som figuren om «traktverknad» syner. Vi ser av tabellen at det er s  rlig i hove til avlsm  let om auka avling at det i stor grad er satsa p   velkjende elitesortar.

Tabell 3.2 Prosentvis fordeling av ulike typar foredlingsmateriale i lauk og bygg i Europa 1986 (Vellv  , 92)

	N��r det vert avla for:	Sjukdomsresistens	Stresstoleranse	Avlingsauke
Byggforedlalar brukar:				
Elitesortar/-liner	68%	63%	96%	
Landsortar	22%	28%	4%	
N��rståande ugras	4%	3%	-	
Ville planter	6%	6%	-	
L��kforedlalar brukar:				
Elitesortar/-linjer	46%	59%	82%	
Landsortar	31%	28%	9%	
N��rståande ugras	5%	6%	6%	
Ville planter	18%	6%	3%	

Vi har peika p   at dei store s  varegigantane er lite interessert i ´  arbeide med lite salgspotensiale. S   skulle det vera n  rliggjande ´  tru at mindre f  retak kanskje kunne ta seg av vedlikeholdsavl og sal av sortar som f  r er interesserte i. Men p   grunn av UPOV-reglane, DUS-krav og h  ge avgifter s  r det i praksis vanskeleg. Dersom eit firma ynskjer ´  tilby spesielle sortar for salg, blir det ur  d dersom salgspotensialet er for lite til ´  betale dei h  ge avgiftene. Folk som arbeider for ´  «snu trakta» (jf. fig. 3.1), blir haldne utanfor ved hj  lp av regelverket som er nemnt framanfor. I tilknytning til dette er det freistande ´  sitere fr   boka til Ren  e Vellv  . I samband med at EU-kommisjonen avgjorde at vel 1500 plantesortar p   EU-lista vart strokne, og dermed forbodne ´  selja i EU, skriv han: «Den 30. juni 1980 vil g   over i historia til EU som den dagen d   teknokratiet sigra over fornufta og ansvarskjensla for plantegenetiske ressursar.»

Korleis ta vare p   genetisk mangfold

P   60-talet vart det meir og meir klart at det genetiske mangfaldet av ville planter og kulturplanter var trua. Det var stor semje om at det m  tte handling til, men det vart ikkje synt vilje til ´  gjera noko med   rsakene til at det genetiske mangfaldet vart drastisk redusert. Det har utviklinga tydeleg vist oss.

TREKK FRÅ HISTORIA

Då ein såg trugsmåla mot dei plantegenetiske ressursane vart den store løysinga å lage frø i genbankar.

Det starta med eit initiativ frå europeiske planteforedalarar på sekstitallet. Det førde til at det vart bygd opp tre genbankar i Europa; i Sverige, Tyskland og Italia, og desse var tiltenkt å oppbevare verdifulle frø frå kvar sine regionar. Det er Nordisk Genbank som har fungert best etter denne intensjonen.

Det som skjedde i Europa vart ein impuls til ein verdsomspennade strategi for å opprette genbankar. FN tok opp dette gjennom FAO, og derifrå vart det teke til orde for å få etablert i alt ni genbankar i dei viktigaste gensemta, og at desse skulle fungere regionalt etter mønster frå Europa. Dette initiativet viste seg å bli fortrentg, for omlag på same tida vart CGIAR danna, ein institusjon som skulle overta ansvaret for den grøne revolusjonen. Dei fekk kontor i verdensbanken sine lokale i Washington. Her stod sterke interesser bak som ynskte kontroll over genressursar, og i 1974 fekk CGIAR si eiga avdeling for plantegenetiske ressursar (IBPGR) med kontor hjå FAO. Etter dette starta dei eit offensivt arbeid for å sikre seg frø av ei stor mengde plantesortar frå den tredje verda (Vellvé, 92). Dette er nå samla i genbankar som er plassert anten i industrialiserte land eller i tilknytning til dei internasjonale forskningssentra under CGIAR, sjå tabell 3.3.

Når vi brukar plass til å greie ut om dette, er det fordi CGIAR-systemet er eit vesentleg reiskap for «Nord» for å ha kontroll over genressursane i «Sør». Ein reknar med at dei industrialiserte land kontrollerer 2/3 av det plantegenetiske materialet som er lagra i genbankar i verda i dag, anten direkte i eigne nasjonale genbankar eller gjennom CGIAR. I tillegg kjem det som såvarefirma har i sine samlingar der det ikkje er innsynsrett (Grain 1993). Finansieringa av CGIAR dokumenterer kven som kontrollerer: USA ber aleine 40% av kostnadane, og i tillegg kjem pengar frå bistandsprogramma til fleire andre I-land, frå FN og frå verdensbanken (Hagberg 1990)

Etterkvart som det vart hevda patentrettar på sortar som var forelda fram på grunnlag av genetisk materiale som bønder i den tredje verda har utvikla gjennom generasjonar, har misnøyen vakse i desse landa. Skulle ikkje også bøndene som har lagt grunnlaget for det planteforedlarane tek utgangspunkt i få økonomisk kompensasjon? Når vi menneske først har kommersialisert planteforedling og frøforsyning er det naturleg at det kjem krav om godtgjersle frå alle ledd.

Saman med mange andre spørsmål vart dette teke opp i Biokonvensjonen (Den internasjonale konvensjonen om biodiversitet) som mange land underteikna på FN-konferansen om Miljø og utvikling (UNCED) i Rio de Janeiro i 1992. Her vart det nedfelt internasjonal aksept for at genressursar skal rekna som nasjonal eigedom. Dette skal rett nok ikkje gjelde det materialet som i dag er lagra i genbankar, avdi fleirtalet meinte at ein konvensjon, til liks med ei lov, ikkje skal ha tilbakeverkande kraft. Mange protesterte på dette ved å vise til at det som er lagra i genbankar og det som blir henta frå gensemta i dag, i like stor grad er resultat av arbeid frå generasjonar av bønder og den naturlege evolusjon. Biokonvensjonen er eit steg i riktig retning, men dette og andre forhold må det arbeidast vidare med (Svarstad 1993 og Kroglund 1993).

Tabell 3.3 Oversyn over CGIAR-sentra (sjå tekst) (Berg et al. 1991).

CGIAR-senter	Arter/ funksjon	Lokalisering
CIAT	Cassava, bønner, beitegras, ris	Colombia
CIMMYT	Bygg, mais, triticale, kveite	Mexico
CIP	Potet, søtpotet	Peru
IBPGR	Samordne vern av genressurssar	Italia
IFPRI	Matvarepolitikk	USA
IITA	Cassava, ris, mais, soyabønne m.v	Nigeria
ILCA	Beitegras, husdyr	Etiopia
ILRAD	Husdyrsjukdommar	Kenya
ICARDA	Bygg, kveite m.v.	Syria
ICRISAT	Sorghum, millet m.v.	India
IRRI	Ris	Filippinene
ISNAR	Nasjonale forskings program	Nederland
WARDA	Ris	Elfenebinskysten

VURDERING AV ULIKE ALTERNATIV FOR GENRESSURSFORVALTNING

Mykje verdifullt plantemateriale vart berga for ettertida då ein på 60- og 70-talet bygde opp genbankar over heile verda.

Etterkvart er det likevel brei semje om at einsidig satsing på genbankar i forvaltninga av verdifullt plantemateriale ikkje er tilstrekkeleg. Nokre av dei viktigaste grunnane er drøfta nedanfor (Vellvé 1992, Egziabher 1993, Wood & Lenné 1993 og Berg et al. 1991).

- Innsamling av materiale til genbanken er ofte tilfeldig, og som regel berre ein liten bit av det mangfald som er på staden. I tillegg blir frøet innsamla av planter som er tilpassa vekstvilkåra på det aktuelle tidspunkt. Blir frøet sådd på same lokalitet 10 eller 20 år seinare veit ein ikkje om planta vil kunne hevde seg. Årsaka kan vera endringar i vekstvilkåra, så som til dømes nye dominante plantesjukdommar eller skadedyr. I fleire kjelder har ein brukt uttrykket «å fryse evolusjonsprosesssen» i samband med innlaging av plantemateriale i genbank. Med andre ord vil frøet i genbanken ofte representere eit avgrensa utval både i tid og rom.
- Lagra frø kan tapa seg fort. Ein del av frøa dør, og dermed har allereie ein del av variasjonen forsvunne. Vedlikeholdsavsl av genbankmateriale vert i stor grad dreve langt frå planta sin opphavstad. Planter som er kryssbefruktarar får då ny tilpassing og genetisk endring.

- Lagring av frø i genbank medfører fare for at mange ikkje lenger ser verdien av å ta vare på planta i kultivering eller vill tilstand. Som nemnt før, er det berre ein liten del av den genetiske variasjonen som blir samla inn, så difor kan innlagring i genbank i sin tur medføre auka tap av genetisk materiale.

Fleire og fleire hevdar no at vi i tillegg til genbanklagring også må leggje vekt på å ta vare på det store mangfald av planter der dei veks, på staden, anten dei er ville eller kultiverte (eng. «*in situ conservation*»). Dette inneber m.a. å støtte opp om det som er igjen av tradisjonelt jordbruk, spesielt i den tredje verda der genressursane er. Eit jordbruk der basisen er stort arts- og sortsmangfold, og med planteforedling og frøproduksjon integrert i drifta. Det er ei stor utfordring å utvikle strategiar for å ta vare på tradisjonelle jordbrukskulturar, og det er heilt avgjerande dersom vi skal snu utviklinga frå ei planteforedling med stadig innsnevra genetisk grunnlag.

Ved at plantene får halde fram å vekse i sine naturlege omgjevnader, oppnår vi

- at plantene tilpassar seg naturlege endringar i vekstvilkår
- at heile den genetiske variasjonen blir teken vare på
- at også den ofte omfattande kunnskapen om dyrking og bruk av plantene held seg levande

4 Planteforedling i Norge

Offentleg planteforedling i Norge kom for alvor i gang ved århundreskiftet. Vi vil gje att hovudtrekka i utviklinga frå då og fram til våre dagar. Dette oversynet er i hovudsak bygt på jubileumsboka «Den grøne evolusjon» (SNV 1989) når det ikkje er vist til andre kjelder.

Kort historikk

Selskapet for Norges Vel skreiv i eit brev til styremaktene i 1887 at dei ynskte å satse på nye arbeidsfelt, og der heitte det m.a.: «Plantekulturforsøg og Forædling af vore Kulturplanter er et vidstrakt Felt, der fortjener særlig Opmærksomhed.» To år seinare starta dei opp med markforsøk, og det vert rekna som opptakta til jord- og plantekulturforskinga her i landet. Det kom til å stå strid om ein skulle satse mest på markforsøk eller på planteforedling. Med andre ord var det usemje om ein skulle satse på å forbetre dyrkingsvilkåra eller plantene. Dette var ein strid mellom dei som var mest knytt til praktisk jordbruksdrift og dei som stod nærmere det vitskaplege arbeidet. Det var i stor grad ein strid mellom Norges Landbrukshøgskole og Universitetet i Oslo. Overlærar Hasund ved NLH såg det som viktig å vidareutvikle markforsøka, for det å satse på planteforedling var jamngodt med «at bortkaste det visse forat løpe omkring etter det uvisse.» Og det var nettopp kreftene som arbeidde for dette synet som fekk størst gjennomslag, slik at markforsøka fekk langt breiare plass enn foredlingsverksemda i fyrste halvdel av hundreåret.

REGIONALE FORSØKGARDAR

Vi fekk etterkvart etablert forsøkgardar og stasjonar rundt om i alle landsdelar. Men også på dette området var det strid, mellom dei som var redde spreiling av kreftene på ei side og på hi sida dei som meinte at ein måtte ha ein regional modell for å fange opp dei store skilnadane i vekstvilkår i Norge. Elles var også utanomfaglege omsyn med på å avgjera den strukturen vi fekk. Når det først vart etablert forsøkgard i ein landsdel kom det fort krav om statleg medverknad til å etablere forsøkgardar i øvrige delar av landet.

På trettitalet var det foredlingsverksemdu i dei viktigaste jordbrukskulturane på mest alle forsøkgardane, trass i at arbeidsstokken og ressursane elles var knappe. Det er interessant å merkja seg at dei dreiv foredling av bygg på forsøkgarden Holt ved Tromsø, og på Vågøyane ved Bodø hadde dei i tillegg også foredling av havre og vårkveite. I tillegg var det sjølvsagt også engvekstforedling på både stasjonane.

Samordninga av aktiviteten på dei ulike forsøkgardane var mangelfull. Rådet for jordbruksforsøk vart eit viktig organ for å betre samordninga, og seinare kom også eit tilsvarande råd for å samordne forsking og foredling i hagebruket. Etter krigen har ein arbeidd vidare med å samordne foredlingsaktiviteten, men som vi ser vidare i denne famstillinga, så er biletet brokete enno i dag.

PLANTEFOREDLING VED NLH

Åkervekstforsøka ved NLH — seinare Institutt for plantekultur — stod for den direkte oppfølginga av verksemda som vart sett i gang av Selskapet for Norges Vel i 1889. Forsøksverksemda vart avgrensa til å gjelde Sør-Austlandet, etterkvart som forsoksgardane vart etablerte rundt om i landet frå 1905 og utover. Institutt for plantekultur har hatt eit hovudansvar for foredling av korn, poteter og kålrot her i landet, og ei rekke sortar av desse vekstane er foredla fram ved instituttet. Fram til 1989 hadde det resultert i 10 sortar av vårvete, 8 sortar av bygg, 15 potetsortar og 3 sortar av rotvekstar.

Ei tid etter krigen vart Institutt for genetikk og generell planteforedling oppretta. Dette har hatt mykje å sei for kompetanseoppbygging i planteforedling, og instituttet har vore ei sterke fagleg støtte og samarbeidspartner for lokale forskingsstasjonar. (Olsen 1990).

Planteforedlinga har på ulike vis tilpassa seg det store omskiftet vi har hatt i norsk jordbruk i etterkrigstida. Foredlingsmåla vart gradvis endra og i ein viss monn også lokalisering av foredlingsaktiviteten. Det vart til dømes lite aktuelt med foredling av bygg i Troms og Nordland etter at kanaliseringspolitikken hadde fått gjennomslag.

Det er særleg viktig å merke seg i denne samanhengen at vi frå starten og fram til denne tid har hatt *eit sterkt offentleg engasjement i norsk planteforedling*. Dette i kontrast til den sterke kommersialiseringa som er omtala framanfor. Delvis har nok dette samanheng med den sterke stillinga som jordbruket har hatt i landet vårt. Dessutan treng vi planter som er tilpassa eit relativt marginalt klima, og av den grunn er ikkje norsk jordbruk vurdert som interessant marknad for dei store såvaregigantane.

Organisering av norsk planteforedling

Statens forskingsstasjoner i landbruk (SFL) og Norges landbrukshøgskole (NLH) har vore hovudaktørane i norsk planteforedling frem til denne tid. Andre aktørar er Statens Plantevern, Norsk Institutt for Skogforskning og Norsk Kornforedling.

Vi har ikkje hatt noko organ som er tillagt det fulle og heile ansvaret for norsk planteforedling, men formalisert samarbeid og koordinering har vore prioritert. Fylgjande sitat illustrerer situasjonen: «Det institusjonelle — styrende og ressursfordelende — landskap er m.a.o. like mangesidig og komplisert som spredningen av foredlingsmiljøene tilsier.» (Olsen 1990)

I desse dagar er SFL under omorganisering, og i den nye strukturen inngår også at Statens plantevern blir ein del av SFL. Dei blir dominerande på norsk foredling i vekstar til eng og grøntanlegg, grønsaker, frukt og bær. Den nye organisasjonen blir også prega av tilpassing til snevrare økonomiske rammer. Det medfører konsentrasijsav innsatsen til færre satsingsområde og tilsvarende konsentrasijs til færre og tyngre forskingsstasjonar. Dessutan skal ein også legge meir vekt på å foredle sortar for eksportmarknaden. Opplysningane byggjer på samtalar med tilsette innan SFL og ein del notat.

Aksjeselskapet Norsk Kornforedling, som vart skipa i 1993, har ansvaret for all kornforedling i Norge. Statkorn har 51% av aksjane, Felleskjøpet Østlandet 39% og Strand Brænderi 10%. Av driftsbudsjettet på 10 mill.kr i 1994 kjem 6 mill. frå Statkorn og 4 mill. er inntekter av vekstforedlaravgifter. Magne Gullord, direktør i Norsk Kornforedling, fortel at hovudtanken bak skipinga av selskapet var å oppnå betre utnytting av ressursane både i

Norge og Norden. Ein fekk samla kreftene i Norge, og gjennom samarbeidsavtale med Svalöf/Weibull er det vorte til at ein i Norge skal konsentrere seg om tidlege kornsortar medan svenskane samlar innsatsen om seine sortar.

Skipinga av Norsk Kornforedling og dei nemnte endringar av politikken i SFL viser at planteforedlinga no skal grunnast meir på bedriftsøkonomiske prinsipp, ikkje berre samfunnsøkonomisk som tidlegare. Då har vi ein fare for at vekstar med lågt salgspotensiale vil bli nedprioritert (Bjørnstad 1994).

Foredlingsmål i viktige vekstar

Det vil føre for langt å gå inn på foredlingsmål i kvar enkelt kultur. I denne samanheng tek vi med generelle foredlingsmål i korn og engvekstar.

I følgje notat om faglege prioriteringar i kornforedlingsprogrammet (1992–95) er det basiskrav til nye sortar at dei skal vera på høgde med dagens sortar i avlingsmengde, stråstyrke og i hauste- og treskeeigenskapar.

Foredlingsmåla deretter er i prioritert rekkefølge sjukdomsresistens, ulike kvalitetseigenskapar, effektivitet i utnytting av næringsstoff i jorda og konkurransesevne mot ugras (Gullord 1991).

I 1980 vart det starta eit grovförprogram med sikte på å få til gode norske sortar til eng, beite og grøntanlegg. Dei viktigaste foredlingsmåla er avlingsnivå, kvalitet, overvintringsevne, sjukdomsresistens og frøproduksjonseigenskapar. Prioriteringa av desse varierer dei ulike vekstane i mellom.

5 Norsk frøproduksjon

Med tanke på økologisk frøproduksjon i Norge, er det viktig å finne ut kva som finst av kunnskap og fagmiljø her til lands når det gjeld frødyrking. Det er også grunn til å sjå litt attende på kva som har vore dreve av frøavl her i landet, med siktet målet å vise kva som er mogleg av frødyrking.

Engfrøavl

Langt inn i dette hundreåret var det vanleg å sope opp høyfrø fra låvegolvet og spreie det på åkeren når den skulle leggjast att til eng. «Saadan gjenlægning til eng var sikkert enkelte gange meget mere fordelagtig end at kjøpe og igjenlægge med tildels helt værdiløst utenlandsk frø», skreiv frøavlkonsulent Otto Lier i 1925 (Lier 1925).

Sitatet ovanfor viser at det har vore blanda røynsler med utanlandsk frø også i den tida, noko som er understreka med fleire eksempel i boka. Dette har sjølv sagt vore ei hovuddrivkraft for å få til norsk engfrøavl. Frøavl av timotei og kløver er omtala så langt attende som på slutten av 1700-talet, men det fekk ikkje særleg omfang før nærmere hundre år seinare. I 1923 var vi nær sjølforsynte med frø av dei dominante engvekstane, raudkløver og timotei. Av timoteitføret som var brukt dette året var 95% norskavla, og for raudkløver var tilsvarande tal 84% (Lier 1925).

Vi har i dag sterkt satsing på norsk engvekstforedling der frøavlen er inkludert. Vi er i stor grad sjølforsynte med norskavla engfrø, men i dårlige frøår er import naudsynt. Frøavlsforsking er framleis prioritert for dei fleste engvekstane som det er klimatisk mogleg å dyrke frø av hjå oss.

Frøavl av grønsaker og rotvekstar

Frøavl og sortsforbetring gjennom masseutval har hatt tradisjon i norsk grønsakdyrkning. Dette fekk større omfang etter århundreskiftet, for ein fekk etterkvart erfaring for at utanlandske sortar som vart selde ikkje greidde seg så godt i vårt klima. Når tilførslene av utanlandsk frø i tillegg vart usikre, vart det endå større innsats for å få i gang norsk frøproduksjon (Bratberg 1990). I 1921 var det full sjølforsyning med frø til kålrot og sukkerter, og langt på veg også med frø av turnips og matneper og andre vekstar (Frisak 1943). I mellomkrigstida utvikla frøavlen seg og arealet auka.

Etter 25 år med frøavl i relativt stort omfang kunne ein uttala seg om kor årssikker norsk frøavl var for dei ulike kulturane:

«*Noenlunde* årssikker som frøkultur er: Kål, kålrot, nepe, formargkål, forbete, pastinakk, spinat, hageert og tidlige sorter av bønner.

Mindre årssikker som frøkultur er: Gulrot, rødbete, seine bønnesorter, agurk, tomat, reddik.

Usikker (uten rådgjerder) som frøkultur er: Rotpersille, selleri, salat, blomkål, purre, løk» (Frisak 1943).

Alle grønsakartane som er nemnde her, og fleire til, vart frøavl på Statens gartnerskole Dømmesmoen så seint som i femtiåra.

Det finst såleis mykje erfaring med frøavl av grønsaker og rotvekstar under våre klimatilhøve. Men norsk grønsakfrøavl i dag er avgrensa til få sortar. Vi har eigen frøavl i hodekål, kepalauk, nepe og kålrot (mat og fôr) og brytsukkerert. Det store utbod av F₁-hybridar har gjeve sterkt konkurranse til dei norske åpenpollinerte sortane, slik at prosentdel norskavla frø har gått tilbake, særleg i kål og lauk. Den norske tidlegkålsorten Ladi er den beste på marknaden, og er såleis dominante når det gjeld tidlegkål. I nepe og kålrot har vi høg sjølforsyning med frø (Bratberg 1990).

Avl av settepoter og såkorn


Vi har her i landet statskontrollert produksjon, klassifisering og salg av settepoter og såkorn. I del II av denne ugreiinga er desse ordningane drøfta i høve til ynskjemåla frå økologisk landbruk si side.

6 Planteforedling og frøproduksjon i økologisk landbruk

Kvifor eigne sortar og økologisk frøavl

Det er etterkvart brei forståing for at ein ikkje alltid kan finne sortar som egnar seg i økologiske dyrkingssystem i det sortsutval vi har av kulturplantene våre i dag. Det er såleis trøng for utvida sortiment, men her er det variasjon frå art til art. Døme på foredlingsmål som er viktige i økologisk landbruk, men som ikkje har høg prioritet i konvensjonell foredling er konkurransesve ne mot ugras og evne til å ta opp næring som er tungt tilgjengeleg i jorda.

Produksjon av frø til økologisk landbruk bør foregå etter dei same prinsippa som drifta elles. Noko anna ville vera klart i strid med den heilskapstankegang som ligg til grunn for økologisk landbruk. Det kan likevel vera av interesse å diskutere om det økologisk dyrka frøet også er av betre kvalitet enn det konvensjonelt dyrka. Fleire praktikarar meiner å registrere auka vitalitet i plantene frå økologisk frø, sjá reiserapport. Det er svært lite gjort av samanliknande vitskaplege forsøk på området. Ei gruppe tyske forskarar fekk interessante resultat i samanlikningsforsøk med 6 ulike sortar haustkveite. Dei samanlikna konvensjonell såvare med kveite som hadde vore dyrka økologisk i to år, og registrerte angrep av fusariumartar. Det var skilnad sortane i mellom, men kvaliteten på det kornet som var økologisk dyrka var klart best. Sjá fig 6.1.



Figur 6.1 Fusariumangrep i spirande korn hos 6 haustkveitesortar med ulikt opphav. Sammanlikning med korn som er dyrka økologisk i to år og konvensjonell såvare av dei same sortane (Dornbusch et al. 1993).

Kva skjer i Norge?

I det økologiske landbruksmiljøet i Norge er det berre Ring for Goetheanistisk Landbruksforskning (RGL) og enkeltpersonar innan miljøet for biologisk-dynamisk jordbruk som har engasjert seg i planteforedling og frøavl.

Dei arbeider utifrå det ideal at det skal vera mogleg å dyrke eige såfrø på garden, og at ein skal kunne drive foredling på garden for å få fram sortar med best mogleg lokal tilpassing til garden og omgjevnadane. Det er mange spørsmål knytte til dette, der forskningsringen mellom anna har prøvd å belyse: Korleis skal foredlingsarbeidet drivast? Korleis gjer ein utval? Kva forandringar skjer i ein sort over tid når den blir formeira fram år etter år på same staden (RGL 1987)? Dei har også prøvd ut ulike såtidspunkt for haustkorn av rug og kveite, for å sjá om det kunne ha verknad på bakekvaliteten. Dette med bakgrunn i Rudolf Steiner sin teori om at såtidspunktet har noko å seia for tilhøvet mellom reproduksjonskraft og næringskraft i kornet (RGL 1989).

Når det gjeld offentleg engasjement her i landet, så har vi prosjekt med utprøving av potetsortar og kornsorter for økologisk drift.

Kva skjer i utlandet?

I Sverige er det også i det biologisk-dynamiske landbruksmiljøet ein har teke opp spørsmålet om planteforedling og frøavl. Arbeidet ligg dverre ned for tida. Sjá nærmare om dette i reiserapporten. I Sverige er det også gjort ein del sortsprøvingar i offentleg regi med tanke på økologisk drift.

I Danmark er det ikkje lagt opp nokon strategi for desse spørsmåla førebels. Men Landsforeningen Økologisk Jordbrug har nå sett ned eit utval med sikte på å utrede spørsmålet om økologisk såvare og trøngen for eigne sortar. Det finst allereie økologisk såvare å få kjøpt. Men det er langt frå nok, og dei har dessutan hatt problem med at ein del dyrkarar ikkje likte sortane som det vart selt økologiske frø av. Enkelte av desse spekulerte i å vente i det lengste med å bestille frø, i håp om at det økologiske frøet skulle vera utselt. Det er nemleg krav om at ein skal kjøpe økologisk såvare, så sant det er tilgjengeleg på marknaden.

Når det gjeld utlandet elles så viser ein i fyrste rekke til reiserapporten. I tillegg er det gjort eit litteratursøk om dette temaet, som vart avgrensa til tysk- og engelskspråkleg litteratur. Det er truleg at ein mellom anna i nederlandsk litteratur kunne funne mykje aktuelt stoff. Litteratursøket gav svært få referansar på vitskapleg arbeid som går konkret på planteforedling og frøavl i økologisk landbruk.

Økologisk frøavl i Norge

Det er fullt mogleg å drive frøproduksjon på ein god del vekstar her i landet, men er det mogleg også ved økologisk driftsform? Dette spørsmålet vert drøfta i det følgjande. Ein sjølvsgåt og vesentleg føresetnad er å utvikle fagkunnskapen når det gjeld frøavl. Dei ekstra utfordringane som økologisk drift byr på bør kunne løysast. Vi har sett at økologisk frøavl er mogleg nede på kontinentet. Det skulle i det minste gje godt mot til oss om at det går an å lykkast her også. Rett nok ligg vi meir i yttergrensa når det gjeld klimaet, men det kan samstundes vera ein fordel når det gjeld sjukdomspress.

Fyrst tek vi med litt om kvar det er klima til å drive frøavl i Norge. Deretter kjem generelle drøftingar av økologisk frødyrking.

KLIMAET SET GRENSEN FOR FRØAVLEN

Engfrøavlen bør foregå i dei beste jordbruksstrøka, etter dei erfaringane som er gjort på området, og enkelte sortar/artar må vi kanskje få frøavl i utlandet. Høg temperatur og moderat med nedbør om hausten er særleg avgjerande i frøavlen.

Tilrådd lokalisering (Aamlid 1990 og Vestad 1993):

Timotei	– Sør- og Austlandet
Raudkløver	– Sentrale Austlandet
Nordnorsk engrapp	– Indre Austlandet og Trøndelag
Øvrige grasartar	– Søraustlandet, Øst-Danmark eller Skåne

Faren med å drive frøavl av artar med kryssbefrukting langt frå opphavsstaden, er at sorten kan endrast ved at den tilpassar seg klimaet og dyrkingstilhøva elles der den vert frøavl. Det vert kalla sortgliding. Ein kan heller ikkje trekke for langt sørover av omsyn til langdagskravet for stråstrekking og blomstring (Aamlid 1990).

Frøavl av grønsaker og rotvekstar set ikkje mindre strenge krav til klimaet. Nedanfor er sett opp i alt 8 klimafaktorar som er avgjerande, men som likevel ikkje spelar like stor rolle i alle kulturar (Frisak 1943).

1. Lang veksttid — Særleg kulturar som er usikre hjå oss
2. Lang, mild haust — Som punkt 1, dessutan viktig i bønner
3. Høg temperatur — Viktig i alle kulturar, og særleg veksttida i bønner
4. Mild vinter — To faktorer som er viktige i kulturar med overvintrande planter.
5. Vedvarande snødekke —
6. Lite regn om hausten — Desse tre faktorane er viktig i alle frøkulturar
7. Gunstige vindforhold —
8. Mykje sol —

På grunnlag av erfaringane som vart gjort med frødyrking i mellomkrigstida, viste det seg at dei strøk av landet som er mest aktuelle for frødyrking, er kysten av Sørlandet og i Rogaland, området rundt Oslofjorden og eit stykke nordover, Setesdal, Valdres og indre fjordbygder på Vestlandet. Dette er vesentleg å ta med seg som ei rettesnor i ein eventuell økologisk frøavl. Samtidig er det all grunn til å finne eller legge til rette for å skape gode lokalklimatiske tilhøve, slik at vi kan få frøavl også utanfor desse nemnte områda.

AGRONOMISKE UTFORDRINGAR VED ØKOLOGISK FRØAVL

Det er ynskjeleg at frøavlen kan gå inn som ein integrert del av drifta på garden. Det er særleg med tanke på at frøavlskulturane kan inngå i vekstskiftet.

Gjødslingsaspektet må vi også vurdere. Det er etterkvart utvikla mykje kunnskap når det gjeld å styre næringstilgangen til ulike vekstar i eit økologisk dyrkingssystem. Stikkord her er plass i vekstskiftet, fordeling av husdyrgjødsla mellom skifta og gjennom sesongen, jordarbeiding og hypping/radrensing. Det blir stadig utvikla ny kunnskap i dette feltet. Det er vanskeleg å sjå at næringsstofftilgangen skulle vera verre å regulere etter plantene sin trøng i frøavlen enn i drifta elles.

Ugras vil utan tvil bli ei stor utfordring i økologisk frøproduksjon, og i særleg grad når det gjeld engfrøavl. Her er nettopp eit *vel gjennomtenkt vekstskifte ein viktig nøkkel*. Det må leggjast særleg stor vekt på førebyggjande tiltak mot ugraset. I frøavl av grønsaker og rotvekstar er det mogleg også å drive direkte ugraskamp, medan luking i attlegg eller eng til frøavl er praktisk umogleg, i det minste er det svært arbeidskrevjande. I 1920-åra praktiserte dei manuell luking i eng til frøavl. Dei mest skadelege ugras er dei som har frø som liknar på kulturplanta sine frø i form eller vekt.

Strategiar for å halde ugraset nede er omhandla i boka «Omlegging til økologisk landbruk», der drøftingane i stor grad er basert på norske erfaringar (Fritsvold, Løes & Schmidt 1993).

Sjukdommar og skadedyr skal i økologisk drift fyrst og fremst regulerast ved førebyggjande tiltak. Kunnskapsutviklinga på dette feltet stoppa opp då sprøytemidla etterkvart fekk dominere i kampen mot skadegjerarar på kulturplantene. Difor står ein framleis overfor mange uløyste spørsmål her. I omleggingsboka som er nemnt i avsnittet framanfor er det gjeve drøftingar av årsaker til angrep av skadegjerarar. Deretter kjem generelle råd om korleis vi byggjer opp heile dyrkingssystemet for å unngå skadeleg angrep av sjukdommar og skadedyr, der dei mest sentrale område er:

- Vekstskifte (vekstskiftesjukdommar, næringsforhold i jorda)
- Gjødsling (tilpassa kulturen, jorda og plass i vekstskiftet)
- Plantevalg (artsmangfold, klimatilpassa sortar, resistens)
- Plantestyrkande middel

Sjølv om vi etter beste skjønn legg til rette for å førebyggja, så må ein rekne med å få åtak av skadegjerarar som er vanlege i frökulturar. Når det gjeld frökulturar av engvekstar ser det ikkje ut til å vera spesielle problem med sjukdomar eller skadedyr. I alle høve er det ikkje nemnt tiltak mot slike i dei dyrkingsrettleiingane som vert utgjevne av Det Kgl. Selskapet for Norges Vel.

Når det gjeld grønsaker og rotvekstar er det derimot fleire soppsjukdomar og skadedyr som kan opptre i fråret, og som kan by på problem (Frisak 1943). For å unngå sjukdomar som følgjer frøet må vi vera sikre på å ha frisk såvare. Det er også vesentleg å legge felta slik at ein får rask opptørring etter regn eller dogfall. Vi må også passe på å ha god plante- og radavstand for å oppnå god luftveksling.

I økologisk drift har vi førebels minimalt å vise til når det gjeld direkte tiltak mot sopp. I Danmark og Tyskland er det ein del døme på bruk av parasitterande soppar mot soppangrep. Det gjeld særleg soppen Trichoderma, som vi og finn i kompost. I Danmark er eit slik middel kome i handelen til bruk i korn. Elles er det gjort ein del granskningar på biologiske beisemiddel for å motverke stinksot på korn som blir brukt til såkorn. Det er oppnådd verknad av sennepsføuttrekk kombinert med bruk av kveitemjøl eller mjølkepulver (Borgen & Kristensen 1994).

Når det gjeld direkte tiltak mot skadedyr er det også svært lite å ty til for bonden med økologisk drift. Pudring med steinmjøl eller treaske kan ha verknad mot sugande insekt. Dusjing med såpeoppløsing kan vi også få effekt av mot mange insekt.

Som døme kan nemnast rapsglansbille, som er det alvorlegaste skadedyri i frökulturar av kålvekstar. Før i tida brukte frödyrkaranane å dunke plantene med ein kjøpp for å riste ned billene, som sat spesielt laust på godversdagar. Straks etter nedristinga køyrdi dei med hyppeutstyr og grov ned billene. Eit anna alternativ som var brukt var å fange billene når mange av dei var i lufta. Til det brukte dei «et særskilt fangstapparat, ein såkalla billefangar. Den er et langt, traulknende apparat av lerret som er spent ut over bøyler på en 5 meter lang bambusstang» (Frisak 1943).

7 Visjon

I dette kapitlet er det skissert korleis ein idéelt sett kan tenkja seg oppbygging og utvikling av planteforedling og frøproduksjon i Norge, med utgangspunkt i idégrunnlaget for økologisk landbruk. Sjølv om den kan verka fjern, så er ein visjon naudsynt som vegvisar når det skal veljast strategi framover. Det blir drøfta i eit seinare kapittel.

Idégrunnlag

Utifra filosofien som ligg til grunn for økologisk landbruk, ynskjer vi å arbeide for at alle menneske i verda skal få dekka grunnleggjande behov for mat, og for at ressursane skal forvaltast på ein slik måte at vi ikke tærer på livsgrunnlaget for etterkommarane våre.

Dette er utgangspunktet for følgjande drøfting av den delen av livsgrunnlaget som gjeld planteforedling og frøproduksjon.

Planteforedling og frøproduksjon — ei fellesoppgåve

Sikker tilgang av frø av kulturvekstar som er tilpassa dei lokale dyrkingsvilkår, og som er godt eigna anten det er til mat eller fôr, er ein like vital del av matproduksjonen som jordsmonet er.

Utifra den idéelle og grunnleggjande målsetjing som er nemnt ovanfor, er det difor ei oppgåve for fellesskapet å syte for å ha institusjonar med overordna ansvar og styring av planteforedling og frøproduksjon. Dette i kontrast til dei tendensane vi ser i dag, der frøforsyning og tilhøyrande foredlingsarbeid vert meir og meir styrt av marknadsomsyn, og der dei offentlege institusjonane som før hadde ansvar for dette får mindre og mindre ressursar.

I denne samanheng er det tenkt fellesskap på ulike nivå:

1. Det er innanfor fellesskapet i nasjonalstaten at det per i dag er mogleg med vesentleg styring. Det er difor viktig med sterkt offentleg ansvar for planteforedling og frøproduksjon i eit land. I dag ser vi alt for sterkt, og dverre nesten dominerande tendens til at profitomsyn står sterkare enn forvaltaransvaret på dette området. Norge ser ut til å stå i ei særstilling med eit sterkt offentleg engasjement.
2. Det er viktig å arbeide for eit sterkt internasjonalt samarbeid mellom offentlege og idéelle forskingsinstitusjonar og bønder som arbeider med desse spørsmåla. Vi treng samarbeid
 - for å sikre genressursane som ein viktig del av vårt felles livsgrunnlag.
 - for brei samordning/samarbeid om planteforedling og frøproduksjon


Vi må arbeide for å fjerne retten til å ta patent på liv, og for å vinne attende *allemannsretten* til å bruke dei genetiske ressursane. På den andre sida skal resultat av foredlingsarbeid også stillast til rådvelde for alle interesserte.

Oppbygging av norsk foredlingsverksemd

Det er liten tvil om at vi her i landet har eit bra apparat å bygge på sett frå økologisk landbruk sin synsstad. Vi har eit regionalt nett av forskingsstasjonar for landbruket, der det ligg vel til rette for utvikling av lokaltilpassa planter. Det er ynskjeleg å bygge på dette systemet og utvikle det vidare.

I det økologiske landbruksmiljøet er stor interesse for å ta vare på og bruke gamle lokalsortar. I desse kretsane har det gjerne vorte ein myte at dei gamle sortane er svært godt eigna for økologisk dyrking. Det kan dei vera, men det er ikkje på nokon måte sikkert. Det som likevel er viktig er at det blir mogleg å få tilgang til desse sortane som nå er lagra i genbanken. Slik vi såg i drøftingane av genbanklagring av frø, er det stor risiko for genetisk erosjon ved einsidig satsing på genbanken. Kan det tenkja at interessa bønder i dei ulike distrikta kan få ta del i eit opplegg med levande «konservering» av gamle sortar? Kan det også tenkja at ein brukar denne i praktisk dyrking med kjende sortar av den aktuelle arten og gjera utval og dermed oppnå meir lokaltilpassa sortar? I neste omgang kan resultatet bli interessant for foreldaren.

Med tanke på å ta vare på det genetiske mangfoldet i den tredje verda der gensemstra for kulturplantene våre ligg, er det skissert idéar om å bygge opp eit integrert system for planteforedling (Berg et al. 1991). Det er stutt forklart eit foredlingsystem med samarbeid mellom bønder og planteforedlarar, slik det er framstilt skjematiskt i fig.7.1.



Figur 7.1 Skematiske framstilling av planteforedlingssystemet som involverer både bønder og planteforedlarar (oversatt frå engelsk frå Berg et al. 1991).

Dei som skisserer denne modellen har først og fremst tenkt på land der «...det vestlege overrislingssystemet med landbruksforskning, rådgjeving etc. manglar» (Bjørnstad 1994). Spørsmålet er om vi kan bruke idéen her og, og dermed halde dei gamle landsortane «i live», samstundes som dei bøndene som har interesse av det får større hove til å utvikle lokaltilpassa sortar.

Planteforedling i nær tilknytning til gardsbruk og bønder er også utprøvd av ein sveitsisk foredar som arbeider innanfor biologisk-dynamisk landbruk (Kunz 1990). Sjå også reiserapport.

Utvikling og prøving av sortar for økologisk drift bør skje på gardar som er omlagt. På den måten vil ein få det mest heilskaplege biletet av kva som er beste sortane for økologisk drift. Det blir dessutan viktig å vurdere kor representative dei aktuelle gardane er i sin region. Men det stiller også krav til bønder og feltansvarlege frå forsøksring el.l. Det krevst nøyaktig oppfølging for å få sikre tal. Det har det i enkelte hove skorta på til nå.

PLANTEFOREDLAREN — FILOSOFISK OG KUNSTNARISK?

Ved sida av at planteforedlaren skal kunne sitt fag, må vi også forvente at ho/han evnar å setja arbeidet med å forbetre kulturplanter til menneskets beste inn i ein vidare samanheng. Det fordrar tverrfagleg kontakt og samarbeid. Ein jevnleg etisk debatt med planteforedlarane sjølv i sentrum vil også vera naudsynt.

Den kunstneriske sida av foredlingsarbeidet er framheva av professor Haakon Wexelsen, ein av pionérane i norsk planteforedling, slik det går fram av følgjande sitat:

«Planteforedlingen har fra gammel tid været en kunst, og vil vedbli å være det. At den er en kunst, vil si at held og fremgang hviler på en rekke personlige egenskaper, en intens interesse og kjærighet til planter, et skarpt øye for former og typer, tålmodighet og nøiaktighet, objektiv vurderingsevne» (Wexelsen 1935).

På studieturen, som er omtala i eigen rapport, møtte vi forskarar som heldt fram at planteforedlaren vil ha bruk for å utvikle sine kunstneriske evner i arbeidet. Dei framheva kor viktig det er å kunne leva seg inn i heile vekstforløpet til den planta ein arbeider med, slik at ein etterkvar få et biletet av kva som verkeleg er denne arten sitt vesen og særmerke. Når er for eksempel kveite aller mest kveite, slik Elisabeth Heyden uttrykte det. For å kunne lykkast her vil foreldaren ha god bruk for alle dei personlege eigenskapar som Wexelsen i si tid også la vekt på.

Å setja opp eit idealbilete av planteforedlaren som arbeider for eit økologisk landbruk er ikkje meininga. Tenkjer vi oss eit gjennomført økologisk landbruk her i landet, så er planteforedlarane ein del av heile landbruksmiljøet, der ein til ei kvar tid diskuterer det ideologiske fundament ein arbeider utifra.

FOREDLINGSMETODAR

Kva foredlingsmetodar som kan aksepterast i økologisk landbruk vil det sikkert vera delte meininger om også innan miljøet.

Ærefrykt for livet og ei audmjuk haldning til det fine samspelet vi blandar oss inn i må i alle hove ligge i botnen. Og med den føresetnaden er det vanskeleg å sjå at genteknologien kan ha nokon plass i foredlingsarbeid for økologisk landbruk. Det er naturleg å sjå den som

ein konsekvens av det rådande natursynet i den industrielle verda. Vi ynskjer eit anna grunnlag å bygge samfunnet på der vi ikkje manipulerer med enkeltdelar utan omtanke for at dei står i ein samanheng.

Dette er eit nytt eksempel på eit vanleg dilemma. Dei som kjempar for økologisk samfunnsutvikling må stadig ta stilling til og vurdere nye utslag av den feilaktig utviklinga av samfunnet vårt. I staden treng ein sårt tida til å utvikle nye modellar som vert naudsynte dersom vi verkeleg skal klare å snu. I dette tilfelle gjeld det nye modellar for planteforedling.

FORMÅLET MED PLANTEFOREDLING?

For å definere foredlingsmål i økologisk landbruk kan det vera nyttig å starte ved grunnen. Kva er eigentleg planteforedling? Definisjonen står lenger framme i heftet. Føremålet med dyrking er å skaffe *mat* til oss menneske, og vi må utvikle sortar som *høver til dyrkingstilhøva* på staden.

Menneskelege behov for fullverdig ernæring frå kulturplantene, anten direkte eller som før til husdyr, skulle vera grunnleggjande viktig. Spørsmålet om kva som verkeleg er fullverdig ernæring må utifrå dette også interessere planteforedlarar. Det er eit komplisert tema, der teoriane er mange og ulike, og som det difor kan synast vanskeleg for planteforedlaren å ta omsyn til. Men sidan det er eit så grunnleggjande spørsmål bør vi filosofere vidare over det.

Kanskje kan det vera nyttig heller å starte i andre enden, med ein del spørsmål. Når vi stadig prioriterer andre foredlingsmål høgare enn det som har med ernæringskvalitet å gjera - vil vi ikkje då risikere at planta utilsikta vil få ein annan ernæringskvalitet enn før? Vi veit at det er mogleg å gjera utallige målinger av stoffleg innhald, og slik sett kan vi kontrollere at plantene ikkje endrar seg. Men kanskje er det kvalitetar som vi ikkje kan måle, og som er vesentlege? Kunne vi også i denne samanheng ha nytte av å stille spørsmålet som Elisabeth Heyden gjorde: «Når er kveite aller mest kveite?» Er det når kveite er aller mest kveite eller når bygg er aller mest bygg at det også har den ernæringskvalitet som er best for mennesket? Sjå reiserapport.

Dyrkingsvilkåra ved økologisk landbruksdrift vil skilje seg frå dyrkingsvilkåra i konvensjonell drift. I kva grad dette får konsekvensar for foredlinga kan vi ikkje koma lengre enn til å drøfte på eit generelt plan her.

Ein del amerikanske foredlarar har drøfta planteforedling for bærekraftige jordbruksystem, der dei også i ein viss monn inkluderer økologisk landbruk (Francis 1991). Dei understrekar at inngående kunnskapar om korleis meir allsidige dyrkingssystem fungerar, er sjølv basisen for kva ein skal legge vekt på i foredling av kulturplanter til slike dyrkingssystem. Dersom overgang til økologisk driftsform til dømes fører til langt mindre problem med skadegjerarar, vil vi sjølv sagt ha mindre behov for å prioritere resistens mot spesielle skadegjerarar. Det er også rekna med langt større behov for foredling med tanke på optimal utnytting av samspeleffektar i aktuelle artsblandingar. I samband med ynskjet om større effektivitet i næringsopptak arbeider foredlarar også med spørsmålet om korleis ein kan få teke omsyn til rotutvikling og rotsonaktivitet i foredlingsarbeid.

Følgjande sitat frå ein artikkel av Trygve Berg, Noragric støttar opp om denne synsmåten: «Strategiene må bygges på en holistisk forståelse istedenfor klassisk reduksjonistisk forskning. Aktuelle tilnærningsmåter er analyser av driftssystemer eller agroøkosystemer» (Berg 1990).

Han held vidare fram at nye krav til kulturplantene følgjeleg må få konsekvensar for sentrale delar av planteforedlinga. Hittil har ein konsentrert seg sterkt om å skapa optimale vilkår for enkeltartar, medan ein etter dette må gå i retning av planteforedling som siktar mot det som er optimalt for eit samansett produksjonssystem.

FOREDLINGSMÅL

Vurderingane av korleis dyrkingssystemet verkar er difor utgangspunktet for prioritering av foredlingsmål. Dei meir konkrete foredlingsmåla nedanfor, er difor oppsett med utgangspunkt i dei generelle kunnskapane vi har om økologisk landbruk som dyrkingssystem i dag.

